



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2021	Valstyret	PS	13.04.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

TID OG STAD FOR FØREHANDSSTEMMING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandstemming slik:

Ved heradshuset, Dale:

Ved ordinære opningstider: kl 0800-1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag. Laurdag 4. september kl 1100-1500. Søndag 5. september 1600-1900. Opningstider siste veka før valdagen vert tysdag-torsdag kl 0800-1900, fredag kl 0800-1500.

Ved tilgjengelege lokaler:

Ein dag i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle i perioden mellom 1. og 10. september.

Ved institusjonar:

- Daletunet omsorgssenter tirsdag 07.09.
- Vaksdal sjukeheim onsdag 08.09.
- Dagsenter Sveabrekko torsdag 09.09.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare tidspunkta for førehandsrøystinga.

Valstyret - Sak 07/2021

VAL - Behandling:

Valstyret oppmoda om at tidene vart godt kommunisert og at tidspunkta ved Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle vert lagt til tider, t.d. pendlarar, der flest mogleg får høve til å stemme.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - Tilråding/Vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandstemming slik:

Ved heradshuset, Dale:

Ved ordinære opningstider: kl. 0800-1500 mandag-torsdag og kl. 0800-1400 fredag. Laurdag 4. september kl. 1100-1500. Søndag 5. september kl. 1600-1900. Opningstider siste veka før valdagen vert tysdag-torsdag k.l 0800-1900, fredag kl. 0800-1500.

Ved tilgjengelege lokaler:

Ein dag i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle i perioden mellom 1. og 10. september.

Ved institusjonar:

- Daletunet omsorgssenter tirsdag 07.09.
- Vaksdal sjukeheim onsdag 08.09.
- Dagsenter Sveabrekko torsdag 09.09.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje nærare tidspunkta for førehandsrøystinga.

Politisk behandling

Avgjerast av valstyret

Saksutgreiing

Ordinær førehandsrøysting

Den ordinære førehandsrøystinga startar tysdag 10. august, jfr. vallova § 8-1 (1). I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få røysta frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga starter 10. august, jfr § 8-1 (4).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber om valstyret gjer tiltak for å sikre at alle får stemt ved valet, samt å førebygge smitte i gjennomføring av valet. Veljarar som evt er i karantene og isolasjon på grunn av covid19 skal også få høve til å stemme. Det er ikkje mogleg å sjå føre seg status for koronapandemien under valgjennomføringa i august og september. I dag veit vi at 37,35 % førehandsrøysta under valet i 2019. Nasjonalt ser vi ein trend om at fleire og fleire førehandrøyster. Oppmøteprosenten er også normalt høgare ved eit stortingsval enn ved eit lokalval. Under stortingsvalet i 2017 var oppmøte 78,7 %, i 2019 72 %. Med bakgrunn i pandemien og nasjonal trend er det grunn til å tru at fleire vil velja å førehandsrøyste i 2021.

Det vert lagt opp til at ein kan røysta under ordinær førehandsrøysting ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider, kl 0800-1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag. Det vert tilrettelagt for at veljarar kan førehandsrøyste laurdag 4. september frå kl 1100-1500 og søndag 5. september kl 1600-1900. Opningstider siste veka før valdagen vert tysdag-torsdag kl 0800-1900,

fredag kl 0800-1500.

Som eit tiltak for å redusere tal veljarar som går til vallokalet på valdagen, vert det planlagd å få på plass eit mobilt røystemottak for veljarar i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Stanghelle, samt til bruk ved lokalt covid19 utbrot.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga.

Førehandsrøysting på institusjon:

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og omsorgsinstitusjonar vl § 8-3 (2) bokstav a).

- Daletunet omsorgssenter tirsdag 07.09.
- Vaksdal sjukeheim onsdag 08.09.
- Dagsenter Sveabrekko torsdag 09.09.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsetje endeleg tidspunkt for røysting på institusjonane i samråd med avdelingsleiarane.